
Fra: Benjamin Stephen Hicks
Sendt: 2. oktober 2015 15:26
Til: roy@byggprosjekt.no
Emne: Gbnr 134/471 - trong for tilleggsopplysningar

Roy Njåstad,

Vi har hatt ei ynskje om å dykkar handsama, men ser no at det ligg føre avvik i søknadsmaterialet som gjer at dette ikkje let seg gjere.

Det gjeld fylgjande tilhøve:

1. Teknisk drift har registrert at det er motteke søknad om tilkopling (saksnr. 14/4301). Denne er ikkje handsama per dags dato. Denne manglar innvendige planteikningar som sendes til teknisk drift. Søknaden etter plan- og bygningslova (1-trinn) kan ikkje handsamast før tilkoplingsløyve er gitt.
2. Vi kan ikkje sjå at det er dokumentert at dykkar føretak har relevant praksis/utdanning i fagområdet for at føretaket skal kunne få lokal godkjenning for ansvarsrett for ansvarsområdet oppmålingsteknisk prosjektering.
Vi har registrert at de har sentral godkjenning for plassering av tiltak på situasjonsplan (arkitektur).
3. Ansvarsrettssøknaden frå Ing Asbjørn Danielsen AS for betongarbeider (konstruksjonssikkerhet) har fylgjande manglar:
 - a. Føretaket må dokumentere at det har personell med relevant praksis frå prosjektering av tiltak i same eller høgare klasse for ansvarsområdet. Praksisen bør vere min. 6 år, jf. rettleiinga til sak.
 - b. Det er ikkje vedlagt referanseprosjekt i tilknytning til ansvarsområdet
 - c. Det går fram av søknaden at det tidlegare er sendt inn dokumentasjon om føretaket til kommunen utan at saksnummeret er oppgitt
4. Vi har fått 2 søknader om ansvarsrett for innvendig og utvendig prosjektering og utføring av sanitæranlegg. Utføringa er plassert i ulike tiltaksklasser hjå dei ulike føretaka. Søknad om ansvarsrett frå føretaket Bergen og Omegn Rørrinnstallasjon AS er av nyare dato. Vi ber om tilbakemelding om søknad om ansvarsrett frå føretaket 123 RØR AS utgår.
5. Vi ber at det vert sendt inn ein oppdatert gjennomføringplan.
6. Det må dokumenterast at Alversund Utvikling AS har rett til å bygge på eigedomen då heimelshavar er Plett AS.
 7. Det må sendast inn ein ny situasjonsplan då innsendt situasjonsplan ikkje er fagmessig utført.
Sjå til dømes
 - a. http://www.dibk.no/globalassets/bygg-uten-a-soke/informasjonsblader/spesifikasjon_for_situasjonskart_og_plan.pdf
 - b. <http://www.dibk.no/globalassets/bygg-uten-a-soke/informasjonsblader/situasjonsplan--hva-kreves.pdf>

Vi gjer merksam på innsendt kart ikkje kan nyttast i byggesakshandsaming, jf. opplysningar på kartet.

Med helsing,

Benjamin Hicks

Jurist
Byggesak

postmottak@lindas.kommune.no

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20
NO-5914 Isdalstø
Telefonnummer +47 56375000

Ikke svar på denne eposten.

Svar eller førespurnader sendast postmottak@lindas.kommune.no